

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
04.01.2024 23/54370- 6 Synnøve Valle

Saksnr.	Utval	Møtedato
09/24	Fylkesutvalet	29.01.2024

Fjord kommune - områderegulering - Raudbergvika landbasert oppdrett - motsegn

Alternativt forslag

- Møre og Romsdal fylkeskommune trekker motsegna heimla i regional plan for vassforvaltning.
- - Møre og Romsdal fylkeskommune trekker også motsegn heimla i rundskriv T-2/16 punkt 3.9, jfr Rundskriv H- 2/14 fra Regjeringa.

Grunngjeving:

Fylkeskommunen viser til Fjord kommune si behandling av saken 23.11.23 og og grunnlag for vedtaket var at sidan forrige høyringsrunde er gjort vesentlege forbetringar i planforslaget, omfattande utgreiingar og tydeleggjingar for å imøtekome høyringsmerknader og motsegner som kom i andre høyringsrunde.

Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde har vedteke å gje dispensasjon for områdeplan

Raudbergvika, med bakgrunn i verneområdeforskrifta § 3 første ledd punkt 1.3 bokstav I.

Då søknaden om verdsarvstatus vart sendt, var området Raudbergvika halde utanfor verdsarv- og

verneområdet av den grunn at området framleis skulle vere regulert til næringsformål.

Det er heller ikkje gruveaktivitet som er formålet, slik som det trekkast fram fra Verdsarvkomiteen i UNESCO:

Verdsarvkomiteen i UNESCO legg til at dei (sitat):

“• Bed om å bli informert av Noreg sin stat om alle framlegg om å utvide gruveaktivitet innanfor området og om alle tiltak for å avgrense påverknaden av eksisterande gruvedrift. Nøye overvaking vil bli kravt, då slike aktivitetar, dersom dei ikkje blir omhyggeleg følgt, vil kunne ha betydeleg påverknad på dei synlege kvalitetane på området (kriterie iii).”

Det er ikkje gruvedrift som er føremålet med tiltaket, men uttak av masser i ein avgrensa anleggsperiode for tilrettelegging av næringsverksemd.

I punkt c) i rundskriv Rundskriv T-2/16 står det:

«Innsigelsesmyndigheten skal gjøre en avveining mot andre samfunnsinteresser som planen fremmer før det fattes en konklusjon om å fremme eller ikke fremme en innsigelse. Det skal være en høyere terskel for å fremme innsigelse mot en plan som legger grunnlag for tiltak som vurderes å være av vesentlig samfunnsmessig verdi, enn en plan som vurderes mindre samfunnsnyttig».

Punkt c) «Tiltakets samfunnsmessige nytte» i saksutgreiinga har kun fått 5 linjer under overskrifta «Næringsutvikling i eit verdsarvområde».

Det vises også til at dei negative sidene ved tiltaket er særst begrensa samanlikna med dei store positive samfunnsmessige effektane ein får ved å realisere tiltaket.

Det vil gi store lokale ringverknader for heile regionen, skape spennande arbeidsplassar og stor verdiskapning. Møre og Romsdal fylkeskommunen er svært positiv til initiativet.

Fylkesutvalet 29.01.2024 - sak 09/24

Behandling

Alternativt forslag

- Møre og Romsdal fylkeskommune trekker motsegna heimla i regional plan for vassforvaltning.

- - Møre og Romsdal fylkeskommune trekker også motsegn heimla i rundskriv T-2/16 punkt 3.9, jfr Rundskriv H- 2/14 fra Regjeringa.

Grunngjeving:

Fylkeskommunen viser til Fjord kommune si behandling av saken 23.11.23 og og grunnlag for vedtaket var at sidan forrige høyringsrunde er gjort vesentlege forbetringar i planforslaget, omfattande utgreiingar og tydeleggjingar for å imøtekome høyringsmerknader og motsegner som kom i andre høyringsrunde.

Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde har vedteke å gje dispensasjon for områdeplan

Raudbergvika, med bakgrunn i verneområdeforskrifta § 3 første ledd punkt 1.3 bokstav I.

Då søknaden om verdsarvstatus vart sendt, var området Raudbergvika halde utanfor verdsarv- og

verneområdet av den grunn at området framleis skulle vere regulert til næringsformål.

Det er heller ikkje gruveaktivitet som er formålet, slik som det trekkast fram fra Verdsarvkomiteen i UNESCO:

Verdsarvkomiteen i UNESCO legg til at dei (sitat):

“• Bed om å bli informert av Noreg sin stat om alle framlegg om å utvide gruveaktivitet innanfor området og om alle tiltak for å avgrense påverknaden av eksisterande gruve drift. Nøye overvaking vil bli kravt, då slike aktivitetar, dersom dei ikkje blir omhyggeleg følgt, vil kunne ha betydeleg påverknad på dei synlege kvalitetane på området (kriterie iii).”

Det er ikkje gruve drift som er føremålet med tiltaket, men uttak av masser i ein avgrensa anleggsperiode for tilrettelegging av næringsverksemd.

I punkt c) i rundskriv Rundskriv T-2/16 står det:

«Innsigelsesmyndigheten skal gjøre en avveining mot andre samfunnsinteresser som planen fremmer før det fattes en konklusjon om å fremme eller ikke fremme en innsigelse. Det skal

være en høyere terskel for å fremme innsigelse mot en plan som legger grunnlag for tiltak som vurderes å være av vesentlig samfunnsmessig verdi, enn en plan som vurderes mindre samfunnsnyttig».

Punkt c) «Tiltakets samfunnsmessige nytte» i saksutgreiinga har kun fått 5 linjer under overskrifta «Næringsutvikling i eit verdsarvområde».

Det vises også til at dei negative sidene ved tiltaket er særst begrensa samanlikna med dei store positive samfunnsmessige effektane ein får ved å realisere tiltaket.

Det vil gi store lokale ringverknader for heile regionen, skape spennande arbeidsplassar og stor verdiskapning. Møre og Romsdal fylkeskommunen er svært positiv til initiativet.

Plansamordnar Johnny Loen svarte på spørsmål.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Fylkeskommunedirektøren si innstilling: 2 stemmer (15%) - MDG 1, SV 1

Alternativt forslag : 11 stemmer (85%) - AP 2, FRP 3, H 2, INP 1, KRF 1, SP 1, V 1

Monica Molvær (H), Andre parti: FRP, KRF, V

Vedtak:

- Møre og Romsdal fylkeskommune trekker motsegna heimla i regional plan for vassforvaltning.
- - Møre og Romsdal fylkeskommune trekker også motsegn heimla i rundskriv T-2/16 punkt 3.9, jfr Rundskriv H- 2/14 fra Regjeringa.

Grunngjeving:

Fylkeskommunen viser til Fjord kommune si behandling av saken 23.11.23 og og grunnlag for vedtaket var at sidan forrige høyringsrunde er gjort vesentlege forbetringar i planforslaget, omfattande utgreiingar og tydeleggjingar for å imøtekomme høyringsmerknader og motsegner som kom i andre høyringsrunde.

Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde har vedteke å gje dispensasjon for områdeplan

Raudbergvika, med bakgrunn i verneområdeforskrifta § 3 første ledd punkt 1.3 bokstav I.

Då søknaden om verdsarvstatus vart sendt, var området Raudbergvika halde utanfor verdsarv- og

verneområdet av den grunn at området framleis skulle vere regulert til næringsformål.

Det er heller ikkje gruveaktivitet som er formålet, slik som det trekkast fram fra Verdsarvkomiteen i UNESCO:

Verdsarvkomiteen i UNESCO legg til at dei (sitat):

“• Bed om å bli informert av Noreg sin stat om alle framlegg om å utvide gruveaktivitet innanfor området og om alle tiltak for å avgrense påverknaden av eksisterande gruvedrift. Nøye overvaking vil bli kravt, då slike aktivitetar, dersom dei ikkje blir omhyggeleg følgt, vil kunne ha betydeleg påverknad på dei synlege kvalitetane på området (kriterie iii).”

Det er ikkje gruvedrift som er føremålet med tiltaket, men uttak av masser i ein avgrensa anleggsperiode for tilrettelegging av næringsverksemd.

I punkt c) i rundskriv Rundskriv T-2/16 står det:

«Innsigelsesmyndigheten skal gjøre en avveining mot andre samfunnsinteresser som planen fremmer før det fattes en konklusjon om å fremme eller ikke fremme en innsigelse. Det skal være en høyere terskel for å fremme innsigelse mot en plan som legger grunnlag for tiltak som vurderes å være av vesentlig samfunnsmessig verdi, enn en plan som vurderes mindre samfunnsnyttig».

Punkt c) «Tiltakets samfunnsmessige nytte» i saksutgreiinga har kun fått 5 linjer under overskrifta «Næringsutvikling i eit verdsarvområde».

Det vises også til at dei negative sidene ved tiltaket er særst begrensa samanlikna med dei store positive samfunnsmessige effektane ein får ved å realisere tiltaket.

Det vil gi store lokale ringverknader for heile regionen, skape spennande arbeidsplassar og stor verdiskapning. Møre og Romsdal fylkeskommunen er svært positiv til initiativet.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Møre og Romsdal fylkeskommune trekker motsegna heimla i regional plan for vassforvaltning. Når det gjeld verdsarv, opprettheld vi motsegna som vi hadde ved andre gongs høyring. Heimel for motsegna er Rundskriv T-2/16, punkt 3.9, jamfør Rundskriv H-2/14 frå Regjeringa.

Bakgrunn

Saka gjeld tredje gongs offentleg ettersyn av områderegulering for Raudbergvika landbasert oppdrett. Vi har uttalt oss til saka ved første og andre gongs ettersyn og hadde motsegner til høyringa. No er saka ute til tredje gongs høyring og vi er bedne om å trekke dei motsegnene som vi hadde.

Områdereguleringa skal legge til rette for utbygging av landbasert oppdrettsanlegg i Raudbergvika med tilhøyrande støttefunksjonar. Hovuddelen av akvakulturanlegget er planlagt inne i fjellet, i fjellhallar på Raudbergvik-sida. Frå Eidsdal skal det etablerast tilkomstveg for transport på ca. 6 km gjennom fjellet. Saka er svært kompleks og det er gjort ei rad utgreiingar når det gjeld utslepp til fjord, samfunnsøkonomi, verdsarv, naturmangfald, landskap med vidare. I den siste høyringa er omfanget redusert, og omfattar no støttefunksjonar i form av administrasjonsbygg, mannskapsbygg, fôrlager, oksygenlagertankar, biogassanlegg, straumforsyningsanlegg, kaier og transportareal i tillegg til berganlegget for laksoppdrett. Tidlegare har planane inkludert betydeleg større bygningsmasse i Raudbergvika inkl. smoltanlegg, samt fryseri og foredlingsanlegg i Eidsdal, men desse tiltaka er tatt ut som følge av saka si kompleksitet og motsegner.

Vi uttalte oss til første gongs offentleg ettersyn 08.02.22 og til andre gongs offentleg ettersyn 03.07.23. Ved første gongs ettersyn hadde vi motsegner til

- Manglar i konsekvensutgreiinga knytt til verdsarven
- Manglande frisktsoner i vegkryss
- Manglande omsyn til ferja si sikkerheitssone i Eidsdal
- Dårleg styring med den gamle naustrekka i Eidsdal

Ved andre gongs ettersyn hadde vi motsegn til

- Konsekvensutgreiingane med bakgrunn i vesentleg negativ innverknad på verdsarven, heimla i rundskriv T-2/16 frå regjeringa
- Uvisse om langsiktige verknader for Kilstivatnet og for Storfjordssystemet samla, heimla i regional plan for vassforvaltning.

Med bakgrunn i endring av planane på Eidsdalsida, trekte vi motsegner som gjaldt naustrekka, ferja si sikkerheitssone og manglande frisktsoner.

Fjord kommune har behandla saka i kommunestyret 9.11.23. Dei ber motsegnspartane om trekking av motsegn. Kommunen meiner at motsegnene frå fylkeskommunen er svart ut gjennom dei siste endringane som er gjort. Dersom nokon av motsegnspartane framleis har motsegn til planen etter denne høyringa, vil Fjord kommune be om mekling med Statsforvaltaren.

Vurdering

Vi vil her drøfte motsegnene i lys av dei endringane som er gjort i det siste framlegget til høyring.

Vassforvalting

Vise til motsegna i tidlegare brev. Det er lagt fram nye vurderingar om utslepp. Med utgangspunkt i desse gjer fylkeskommunedirektøren følgande vurdering:

Utslepp frå anlegget i Raudbergvika vil primært sleppast i vassførekomsten Sunnylvsfjorden-ytre, men kan også påverke fjordsystema ikring, definert som ulike, andre vassførekomstar, til dømes Norddalsfjorden, Storfjorden indre, Geirangerfjorden og Storfjorden ved Stranda. Vassførekomstane i dette fjordsystemet har i dag god tilstand, med unntak for Storfjorden indre og Geirangerfjorden, som er i moderat tilstand. Miljøsmål for alle kystvassførekomstar er «god». Storfjorden er eit stort fjordsystem som er gjennomgåande djupt, med gode straum- og utskiftingsforhold, og svært god resipientkapasitet. Næringsstoffa frå utsleppet blir i liten grad innestengt bak tersklar. Det er i tillegg kontinuerleg god tilføring av sjøvatn frå havet og gode utskiftingsforhold.

Marine Prospect AS vurderer at utsleppet er overvurdert i modelleringane og at det reelle utsleppet truleg er lågare enn det som tidlegare er lagt til grunn i vurderingane. Det blir vidare hevda at konsentrasjonen av nitrogen, sjølv ved låg reinsegrad sannsynlegvis ikkje vil komme i konflikt med miljøsmål om god økologisk tilstand i vassførekomstane.

Utsleppet i fjorden vil likevel medføre ei betydeleg auke i utsleppet av nærings salt og såleis auke belastninga på fjordsystemet. Konklusjonen om påverknad bør gjerast ut i frå den samla belastninga i fjorden i dag, og baserast på resipientundersøkingar i dei vassførekomstane som vil få utslepp. Det visast til at overvaking under trinnvis oppbygging av anlegget vil gi betre data til å følgje med utviklinga og vil gi gode data på påverknaden frå anlegget før anlegget er fullt oppskalert. Det vil likevel vere vanskeleg å innføre gode avbøtande tiltak for å redusere nitrogenet i utsleppet, samtidig som tiltaket praktisk talt er irreversibelt.

Sjølv om nitrogennivået åleine ikkje utfordrar god tilstand, vil mengdene nærings salt fortsatt kunne medføre økologiske effektar, som kan slå ut på andre kvalitetselement på sikt. Det er derfor fortsatt usikkert korleis den samla påverknaden i heile fjordsystemet vil vere på lang sikt. Overvaking som skissert synest nødvendig

Når det gjeld Kilstivatnet, tek konsekvensutgreiingane utgangspunkt i at Kilstivatnets tilsig kjem direkte via overflateavrenning og regnvatn, som infiltrerer berggrunnen gjennom sprekker og

opningar i bergmassane. Store delar av vatnet og vatnet sitt nedbørsfelt, ligg innanfor influensområdet til dei planlagde tunnellane, og vegtilkomsten kryssar under vatnet sitt nedbørsfelt over ei strekning på 2,4 km. Det er risiko for at vegtunnelen kan føre til at vasstanden i vatnet blir redusert, og dermed vassføringa i tilhøyrande bekkar.

Tilleggsvurderingar viser til at det finst tekniske løysingar for å unngå dette og det er liten sjanse for at vassføring og vasstand blir redusert.

Ut frå ei samla vurdering, synest det som at risikoen for redusert miljøkvalitet i dei aktuelle vassførekomstane er svært liten. Fylkeskommunedirektøren trekker derfor motsegn heimla i vassforskrifta.

Verdsarv

Landskap

Sjølv om innløpet til Synnylvsfjorden ligg utanfor verdsarvområdet, har området likevel store landskapsverdiar. Det er gjort fleire endringar i forhold til førre planforslag: Høgda på bygningane og fyllinga ut i sjøen redusert. Fyllinga skal hevast opp til 7 meter over havet og den skal jamnast ut og plastrast. Det er også lagt inn føresegnar som skal gjere at bygningane ikkje blir fullt så dominerande. Dette er positivt. Likevel er det slik at anlegget vil få betydeleg verknad på landskapet, og konsekvensutgreiinga peikar på at konsekvensen er sett til betydeleg miljøskade.

Med tanke på at det gamle gruveanlegget ikkje er ferdig opprydda og naturen revegetert slik som vilkåra i konsesjonen fastset og som er overtatt av dagens tiltakshavar, vert dette poenget ytterlegare forsterka. Påverknaden vil derfor vere større på landskapet enn det som vert kommunisert i planomtalen. Vi vil også peike på at føresegnene ikkje er endra i forhold til dei endringane som er presenterte i planomtalen, med unntak av byggehøgde. I føresegnene er for eksempel ikkje utnyttingsgraden endra frå førre forslag og smoltanlegget er heller ikkje tatt ut.

Verdsarv


Kartet under viser korleis verdsarvområdet er avgrensa mellom Raudbergvika og Eidsdal. Både Eidsdal sentrum og daganlegget i dei tidlegare olivingruvene i Raudbergvika er haldne utanfor Verdsarven. Men den nye reguleringsplanen femner areal innanfor; i grunnen «under» området og arealbruken vil påverke forholda i fjorden lenger inn i fjorden. UNESCO har stadfesta at berggrunnsgeologien er å sjå som del av verdsarven. I tillegg, er fjordmunningen innfallsport for båtturen inn i verdsarvområdet. For biltilkomst, er Eidsdal sentrum ein av innfallsportane. Det er ingen tvil om at reguleringsplanen har stor betydning for verdsarvområdet.

Verdsarvområdet Vestlandsk fjordlandskap vart innskrive som verdsarv i 2005, og omfattar dei to spektakulære fjordområda Geirangerfjorden i Møre og Romsdal og Nærøyfjorden i Vestland. I innskrivinga av er det lagt særleg vekt på fjordlandskapet med aktive geologiske prosessar og det vakre landskapet frå fjord til fjell, som viser utvikling i landskapet frå siste istid og fram til i dag.

UNESCO si verdsarvliste utgjer for tida 1157 område, kor 250 av desse er naturarvsområde. Berre femti er listeførte som marine verdsarvområde. Vestnorsk fjordlandskap er eitt av desse,

og samstundes det einaste naturarvområdet i Norge. Verdsarvområda er internasjonalt anerkjende, og det internasjonale samfunnet har forplikta seg til å samarbeide om å ta vare på verdiane i dei.

Norge har tatt på seg å ta vare på Vestnorsk fjordlandskap på som verdas naturarv. Klima- og Miljødepartementet er statsparten for verdsarv, og fylkeskommunen har eit førstelinjeansvar som regional planmynde og samfunnsutviklar.



Figur: Avgrensing av verdsarvområdet. Raudbergvika er merka med raudt kryss, og omtrentleg tunneltrasé med raud strek.

Kriteria som Vestnorsk fjordlandskap er skrive inn på verdsarvlista og verdiane:

UNESCO-konvensjonen har som formål å verne stader i verda som har framifrå universelle verdiar, FUV (frå engelsk: OUV - Outstanding Universal Values). Det inneber verdiar av eit format som går langt ut over nasjonale grenser, og som skal vere felles arv for menneskeheita. For å møte krava om FUV, må verdsarven også ha integritet (heilskap/fullstendig), vern og ei forvaltning som tek vare på verdiane.

Vestlandsk fjordlandskap er skrive inn på verdsarvlista med bakgrunn i to kriterium:

- Kriterium vii: eksepsjonell naturvenleik

- Kriterium viii: viktige fasar i jordhistoria, vitnesbyrd om den biologiske evolusjonen, pågåande geologiske prosessar som formar landskapet, geomorfologiske eller fysiografiske element

Dei framifrå universelle verdiane i det vestnorske fjordlandskapet, er skildra i ei eiga erklæring (SOUV). Verdiane er knytte til ei rekke element/attributt både i sjø og på land, på overflata og berggrunnen.

Vestnorsk fjordlandskap har samla sett i dag den nødvendige integriteten som skal til for å ha statusen verdsarv. Ei av årsakene til dette, er at Geirangerfjorden og Nærøyfjorden ikkje er prega av store inngrep, og såleis er dei best bevarte av dei mange fjordane på Vestlandet.

Stadfesting av at berggrunnen er ein del av verdsarven og dei framifrå universelle verdiane:

Norge stilte spørsmålet om berggrunnen er ein del av dei framifrå universelle verdiane eller ikkje, da IUCN var på synfaring 2021 i verdsarvområdet. I rapporten skriv dei at: «The mission considers that there is potential for the project to impact on the OUV for both criteria (vii) and (viii), specifically regarding the integrity of the land- and seascape (e.g. scenery, biodiversity, water quality), as well as the encroachment in the property's bedrock (geological and geomorphological integrity)» (side 10 om Raudbergvika i siste utgåve).

Forvaltning av verdsarven:

I *Retningslinjer for gjennomføring av Verdsarvkonvensjonen (2021)* blir det gitt tydeleg rettleiing for planlegging av vidare utvikling i verdsarvområda. Særleg legg ein vekt på krav om kunnskapsgrunnlag og rekkefølge, der vedtak berre kan fattast med bakgrunn i tilstrekkeleg kunnskap om verknader på verdiane. Ein skal unngå negative verknader og svekking av dei framifrå universelle verdiane som ligg til grunn for verdsarven, kartlegge alternativ og fremje avbøtande tiltak slik at verdsarven ikkje blir truga. Det er verd å merke seg at pr. 2024 ansvar verdsarvkomiteen, på generelt grunnlag, mineralutvinning som uforeinleg med verdsarvstatus. <https://whc.unesco.org/en/compendium/?action=list&pattern=mineral>

Fylkeskommunen legg stor vekt på omsynet til verdsarven, i tråd med regjeringa sin ambisjon om at dei norske verdsarvstadane skal vere fyrstårn for beste praksis i forvaltninga av natur- og kulturarv. Beste praksis tilseier ei streng tolking av føre-varprinsippet i forvaltninga av verdsarv. Usikkerheit rundt verknader av eit tiltak skal tolkast som negativ verknad.

Konsekvensutgreiingane for verdsarven:

Som ein del av planprosessen har Cowi utarbeidd ei konsekvensutgreiing der dei har sett på korleis tiltaket vil påverke dei delane av verdsarven som er viktig for å bevare verdsarvstatusen. Utgreiinga konkluderer med at «tiltaket [vil] i hovudsak føre til negativ påverknad på verdsarven.» (side 78). Tilhøyrande tabell viser at tiltaket vil føre til betydeleg miljøskade for fleire tema, slik som geologiske prosessar, geologisk mangfald og geotopar, og marint naturmangfald.

Oppsummeringstabell for konsekvensar frå konsekvensutgreiinga kapittel 9.2. Alternativ 0 er slik det er i dag, alternativ 1 tiltaket gjennomført:

	Alternativ 0	Alternativ 1
Landskapet	Ingen konsekvens	Betydeleg miljøskade (--)
Geologiske prosessar	Ingen konsekvens	Betydeleg miljøskade (--)
Friluftsliv	Ingen konsekvens	Noko miljøskade (-)
Reiseliv	Ingen konsekvens	Noko miljøskade (-)
Geologisk mangfald og geotopar	Ingen konsekvens	Betydeleg miljøskade (--)
Marint naturmangfald	Ingen konsekvens	Betydeleg miljøskade (--)
Naturmangfald på land	Ingen konsekvens	Noko miljøskade (-)
Kulturmiljø og kulturminne	Ingen konsekvens	Betydeleg miljøskade (--)
Vassmiljø og vasstilstand i sjø	Ingen konsekvens	Fare for å endre vasskvalitet og vasstilstand negativt. Tiltaket kan føre til betydeleg miljøskade på vassmiljø og vasstilstand i fjorden.

Vassmiljø og vasstilstand i ferskvatn	Ingen konsekvens	Fare for å endre vasskvalitet og vasstilstand negativt. Tiltaket kan føre til betydeleg miljøskade på vassmiljø og vasstilstand i fjorden.
Lokalsamfunn og samfunnsverkander	Ingen konsekvens	Svært positiv endring (+++)
Grunngi høg/låg vektlegging av einskilde tema	Tiltaket har størst innverknad på geologiske førekomstar og geotopar, i tillegg til vasskvalitet og vasstilstand i sjø og ferskvatn. Desse er difor vekta høgare enn dei andre fagtema.	
Samla verknader	Ingen endring	Noko redusert
Samla konsekvensgrad		Samla konsekvens for verdsarven er satt til betydeleg miljøskade (--)
Grunngiving	0-alternativet ikkje få nokon konsekvens.	For dei aller fleste av tema vil tiltaket ha ein negativ konsekvens, men det er store forskjellar om dette gjeld Eidsdal eller Raudbergvika og for fleire av tema kan konsekvensen bli endra som fylgje av tiltak. Det er og knytt ei uvisse til korleis vassmiljøet og vasstilstand i ferskvatn og sjø vil bli påverka av eit såpass stort tiltak. Her vil det vere avgjerande med gode tiltak både for utslepp og inntak.

Det er knytt uvisse til fleire tema. I oppsummering seier det at «Det er sannsynleg for at fjorden vert påverka i større utstrekning enn modellert, og denne påverknaden vil også omfatte vasskvalitet og marint liv i verdsarven» (side 76 om samla konsekvensvurdering.)

UNESCO sitt brev frå 6. november 2023:

UNESCO har i brev frå 6. november 2023 varsla at dei er bekymra for utviklinga og at dei vil haldast orientert vidare (sjå vedlegg 3). IUCN (Verdas naturvernunion), UNESCO sitt rådgivande organ, har vore på synfaring i 2021, dei har komme med tilrådingar for utviklinga av verdsarvområdet som heilskap og for oppdrettsanlegget i 2022, og har no vurdert konsekvensane slik dei er presenterte i konsekvensutgreiinga for verdsarven frå Cowi. Dette ligg med som vedlegg til brevet frå UNESCO.

Deira konklusjon er at dette tiltaket ikkje samsvarer med å bevare området sine framifrå universelle verdiar (FUV). Dei seier at tiltaket vil påverke begge kriteria som verdsarven er skreve inn på, og er bekymra for blant anna vatnkvalitet og livet i sjøen innafor verdsarven. Dei stadfestar at dei geologiske verdiane også består av berggrunn og prosessane som går føre seg i berget. Dei seier at uttak av stein under overflata er betrakta som det motsette av å beskytte geologiske førekomstar. Dei minner også om at dei meiner at gruveområdet i Raudbergvika bør bli rydda opp restaurert tilbake, slik konsesjonen legg opp til.

UNESCO og IUCN gjentar anbefalinga frå 2022, at dei er bekymra for den samla påverknaden frå store tiltak i både Nærøyfjorden og Geirangerfjorden, og oppfordrar til å sjå nærmare på utvikling i verdsarvområdet på eit samla strategisk nivå. Miljødirektoratet, Riksantikvaren og verdsarvrådet har følgd opp denne saka, og har bede fylkeskommunane som regionale planmynde å vurdere og sette i gang eit arbeid med ein Regional plan for Vestnorsk fjordlandskap. Dette spørsmålet blir tatt opp når fylkeskommunen skal vedta ny regional planstrategi seinare i år.

Næringsutvikling i eit verdsarvområde:

Ein verdsarvstatus inneber ikkje at utviklinga av næringane stoppar opp, men det krev at den vidare utviklinga skjer utan å påverke dei verdiane (FUV) som verdsarven består av negativt. Verdsarvverdiane og status gjer også grunnlag for næring og har eit potensiale for å utviklast vidare. Utvilsamt er det slik at eit levande lokalsamfunn og landbruket er nødvendig for å kunne ta vare på verdiane. Spørsmålet er korleis det offentleg på alle nivå og private verksemdar kan styrke og utvikle dette vidare.

Konklusjon verdsarv:

Fylkeskommunen vurderer det derfor slik at tiltaket er i konflikt med verdsarvstatusen, og at etablering av eit slikt omfattande anlegg vil sette verdsarvstatusen på spel. På bakgrunn av dei internasjonale forpliktingane står fylkeskommunen fast på motsegna. Heimel for motsegna er Rundskriv T-2/16 ("Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet - klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis") punkt 3.9, jamfør Rundskriv H-2/14 ("Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven") frå Regjeringa. Punkt 3.9 i Rundskriv T-2/16 omfattar kulturhistoriske verdier og naturmangfaldverdier knytt til landskap og her er verdsarvområda spesielt nemnde.

Går ikkje fylkeskommunen til motsegn, vert saka sendt til Riksantikvaren som koordinerande instans for verdsarven på statleg nivå.

Økonomiske konsekvensar

Ingen kjende.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Gunn Randi Seime
ass. fylkeskommunedirektør

Vedlegg

Raudbergvika - fråsegn til offentleg ettersyn

Raudbergvika - fråsegn til andre gongs offentleg ettersyn

Vedlegg 3 IUCN rapport engelsk